



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Livsløpsutvalet	08.02.2023	010/23
Giske formannskap	13.02.2023	020/23
Giske kommunestyre	16.02.2023	009/23

Tilstandsrapport for grunnskulen i Giske skuleåret 2021-22

Innstilling:

Kommunedirektøren tek rapporten til vitande

16.02.2023 Giske kommunestyre

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes godkjend.

K - 009/23 Vedtak:

Giske kommunestyre tek rapporten til vitande.

13.02.2023 Giske formannskap

Innstillinga endra til Giske kommunestyre tek rapporten til vitande.

Ny innstilling vart samrøystes godkjent.

F - 020/23 Vedtak:

Giske kommunestyre tek rapporten til vitande

08.02.2023 Livsløpsutvalet

Livsløpsutvalet legg fram forslag til ny innstilling :

Giske kommunestyre tek rapporten til vitande.

Forslag til ny innstilling vart samrøystes godkjent.

LU - 010/23 Vedtak:

Giske kommunestyre tek rapporten til vitande.

Saksutgreiing:

Årleg rapport om tilstanden i opplæringa for grunnskulane i Giske skuleåret 2021-22. I Stortingsmelding nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa.

Dette er nødvendig for å følge opputviklinga på ein god måte. Rapporten skal drøftast av skuleigaren, dvs av kommunestyret jmf Opplæringslova §13-10 andre ledd. Innhaldet i rapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø.

Heimelsgrunnlaget

Opplæringslova §13-10 andre ledd

Vurdering:

Tilstandsrapportene inngår i kvalitetsvurderingssystemet. Målet er kvalitetsutvikling og læring.